



Arkivnr: 2014/11976-18
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

Nedlegging av offentlig veg på Rv. 13 utanfor Myrkdalstunnelen

Samandrag

Etter at Myrkdalstunnelen vart opna 20. desember 2008 vart gamlevegen på utsida av tunnelen stengd. I reguleringsplanen Rv 13 Vinje – Nesheim vart det ikkje teke stilling til kva som skulle skje med gamlevegen. Etter at tunnelen har vore i drift nokre år er tunnelen no oppgradert med ljøs og ventilasjon, slik at den er opna for gang- og sykkeltrafikk.

Statens vegvesen har kome til at etter at tunnelen vart oppgradert, er det ikkje lenger behov for gang- og sykkelveg langs gamlevegen. Forslaget frå Statens vegvesen er at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen vert nedlagt som offentlig veg.

Myrkdalen Fjellandsby AS har kome med uttale i saka og vil at gamlevegen vert halden open og uttale at tilgang til dette området på utsida av tunnelen representerer ein vesentleg verdi for Myrkdalen.

Statens vegvesen har gitt svar på innspela frå Myrkdalen Fjellandsby AS. Ut frå ei vegfagleg vurdering vil dei ikkje tilrå at vegen vart halde open, då tunnelen vart bygd ut i frå at gåande og syklende kunne ferdas gjennom tunnelen. Tunnelen vart bygd med T 9,5 med ekstra ljøs og ventilasjon.

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med veglova § 7 1. ledd uttalerett i saka. Fylkesrådmannen tek til etterretning at vegen vart nedlagt som offentlig veg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek til etterretning at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen på Rv 13 vert nedlagt som offentlig veg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Brev frå Statens vegvesen – nedlegging av Rv.13 – Gamal veg utanfor Myrkdalstunnelen i Voss kommune
2. Brev frå Myrkdalen Fjellandsby AS
3. Svarbrev frå Statens vegvesen til brev frå Myrkdalen Fjellandsby AS.

Fylkesrådmannen, 28.04.2015

Etter at Myrkdalstunnelen vart opna 20. desember 2008 vart gamlevegen på utsida av tunnelen stengd. I reguleringsplanen Rv 13 Vinje – Nesheim vart det ikkje teke stilling til kva som skulle skje med gamle veggen. Etter at tunnelen har vore i drift nokre år er tunnelen no oppgradert med ljøs og ventilasjon, slik at den er opna for gang- og sykkeltrafikk.

Gamlevegen er av særskild dårleg stand frå avkjøyrsla ved Ulvsundsøyne i sør og til avkjøyrsla ved Ulvund i nord. Veggen vil for framtida krevje eit visst vedlikehald, då veggen er i ferd med å siga ut fleire stadar og det stadig kjem små steinras og skred ned på veggen.

Statens vegvesen har kome til at etter at tunnelen vart oppgradert med ljøs og ventilasjon, er det ikkje lenger behov for gang- og sykkelveg langs gamlevegen. Statens vegvesen har difor starta omklassifiserings sak for denne strekninga. Forslaget frå Statens vegvesen er at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen på Rv. 13 vart nedlagt som offentleg veg.

Myrkdalen Fjellandsby AS har komme med uttale i saka i brev frå 13. april 2015, etter at Fylkesrådmannen la fram saka til handsaming første gongen. Samferdselsutvalet valde difor å utsette saka til dei fikk vurdert desse innspelane og Statens vegvesen si uttale til momenta frå Myrkdalen Fjellandsby AS.

Myrkdalen Fjellandsby AS kjem blant anna med desse momenta i saka;

«Gamlevegen gjev tilgang til unike fiske og våtmarksområde for gåande og syklende. Tilgang til desse områda representerer ein vesentleg verdi i den vidare utviklinga av Myrkdalen som Nordens leiande heilårsdestinasjon, som er vårt mål å realisera innan år 2020.»

«Sykkelturisme vert stadig viktigare i reiselivet. Gode og attraktive vegforbindelsar er eit særskild viktig element i vår satsing på dette turismesegmentet i åra framover. Gitt dei ovanfor nemnde argumenta er Gamlevegen av stor verdi.»

Statens vegvesen har i brev 28. april 2015 gjeve uttale til Myrkdalen Fjellandsby AS;

«I planarbeidet vart det lagt vekt på å få til ei vegløyning som er sikker for trafikkantar spesielt med fokus på skred.....Det vart vald tunnelklasse T9,5 utan opphøgde sideareal med ekstra ljøs og ventilasjon. Dermed kunne ein tillata gang og sykkeltrafikk i tunnelen. Løysinga er i samsvar med reguleringsplanen og fråvik vart godkjend i Vegdirektoratet»

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen tek innspelane frå Myrkdalen Fjellandsby AS til orientering, og kan sjå at det dei reiser viktige men ikkje avgjerande moment i saka. Ny og opplyst gang og sykkelveg gjennom tunnelen har gitt eit betre tilbod både til gåande og syklende.

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med veglova § 7 1. ledd uttalerett i saka. Fylkesrådmannen tek til etterretning at veggen vert nedlagt som offentleg veg.